



Arbeids- og inkluderingsdepartementet
postboks 8019 Dep
0030 Oslo

Høyring - Utkast til Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Vi viser til høyringsnotat av 23.01.09.

Generelle kommentarar:

Departementet har i høyringsnotatet grunngeve lovforslaget med at dei ynskjer å utforma ei lov som er betre tilpassa organiseringa av arbeids- og velferdsforvaltninga. Dei tenestene som er foreslått overførte frå sosialtenestelova til ny lov, vil etter lovforslaget bli ein obligatorisk del av kommunen sine oppgåver i NAV-kontoret. Denne løysinga legg, etter departementet si vurdering, til rette for ei harmonisering av regelverket for dei gjenverande omsorgstenestene i sosialtenestelova og regelverket for kommunen sine helsetenester. Arbeidet med denne harmoniseringa er ikkje ferdig, og dei gjenverande reglane i sosialtenestelova vil derfor gjelde som ei mellombels løysing inntil ei ny lov på området vert sett i verk.

Fylkesmannen er samd i grunngevinga for å fremja lovforslaget. Men på bakgrunn av at arbeidet med harmonisering av regelverket for omsorgstenestene i sosialtenestelova og regelverket for kommunen sine helsetenester ikkje er ferdig, *meiner vi i utgangspunktet at iverksetjinga av forslaget bør utsetjast*. Ei anna grunngeving for dette synet, er den belastninga det vil vera for NAV-kontora å implementera det nye lovverket i kontora. Det er rett nok få materielle endringar i forslaget, men det krev opplæring og endring av til dømes vedtaksmalar. Dette blir ei meirbelastning i ein svært krevjande og hektisk arbeidskvardag.

I forslaget innfører departementet omgrepet "*kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga*" som erstatning for "*sosialtenesta*". Somme stader vert "*kommunen*" nytta, der det i gjeldande lov er "*sosialtenesta*" som nyttast. Andre stader nyttast "*kommunen i arbeids- og velferdsforvaltninga*". Jamvel omgrepet "*sosialtenesta*" vert nytta einskilde stader. Det er uklårt for Fylkesmannen i kva for høve departementet meiner det eine og det andre omgrepet skal nyttast, og det skapar usikkerheit om kva forslaget eigentleg tyder. Departementet må difor klargjera dette nærare.

Nedanfor vil Fylkesmannen kort kommentera einskilde paragrafar i forslaget :

Kapittel 1 Lovens formål og virkeområde

Til § 1-1. Tilfredsstillande bustad er ein føresetnad for sosial inkludering, deltaking i samfunnet og arbeidslivet. Fylkesmannen vil derfor foreslå at det vert uttrykt i formålsparagrafen at bustad er eit av dei behova lova skal medverka til å ivareta.

Kapittel 2 Kommunens ansvar

Til § 2-1 andre ledd. Fylkesmannen er positiv til at det vert innført internkontrollplikt for kommunen si tenesteyting etter kapittel 4 og 5 i lovforslaget. For å tydeleggjere denne nye plikta, meiner vi den bør nedfellast i eigen paragraf.

Til § 2-3. Fylkesmannen er samd i at kravet om forsvarlege tenester bør uttrykkjast i eigen paragraf. Sjølv om dette er ei vidareføring av gjeldande rett, meiner Fylkesmannen at departementet bør vurderer å tydeleggjera innhaldet i omgrepet gjennom rundskriv og/eller forskrift.

Etter gjeldande sosialtenestelov er kommunen sitt ansvar for opplæring av dei tilsette i sosialtenesta understreka i eigen paragraf. Fylkesmannen meiner det er uheldig at dette ikkje vert vidareført i nytt lovforslag.

Kapittel 3 Generelle oppgaver

Til § 3-1. Etter gjeldande sosialtenestelov § 3-1 har sosialtenesta fleire oppgåver på det førebyggjande området. I utkastet til ny lov er tredje og fjerde ledd tatt ut. Høyringsnotatet gjev ikkje nærare grunngjeving for dette. Fylkesmannen meiner det er viktig at kommunen sine førebyggingsoppgåver mot rusmiddelmisbruk og arbeidet for å setja i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemma vert vidareført.

Kapittel 4 Økonomisk stønad m.v.

Til § 4-5 andre ledd. Lovteksten er den same som i gjeldande sosialtenestelov: "*Økonomisk stønad i form av lån bør vurderes i forhold til om stønadsmottakeren vil bli i stand til å tilbakebetale lånet*". Fylkesmannen meiner ei slik vurdering alltid må gjerast, og at det derfor vil vera riktig å endra "*bør*" til "*skal*".

Til § 4-5 fjerde ledd. Lovteksten er også her identisk med gjeldande lov. Fylkesmannen vil foreslå at teksten vert endra som følgjer: "*Hvis det på grunn av særlige forhold må antas at stønadsmottakeren ikke vil bruke stønaden til det formål den er gitt, kan det vedtas at stønaden helt eller delvis skal gis i form av varer og tjenester.*"

Til § 4-12. Fylkesmannen har ingen innvendingar til ordlyden i paragrafen, men stiller spørsmål ved om det er rett å plassera bestemminga under kapittelet "*Økonomisk stønad m.v.*"

Kapittel 5 Kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad

Til § 5-7 andre ledd. På bakgrunn av tilbakemeldingar frå NAV-kontora i Rogaland vil Fylkesmannen fremja forslag om at deltakarar i kvalifiseringsprogrammet som er under 25 år skal motta full stønad, og ikkje 2/3 stønad, slik ordlyden i forslaget er. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det i Ot. prp.nr.70 (2006-2007) ”*Om lov om endringer i sosialtjenesteloven og i enkelte andre lover*” er gjeve gode grunnar for at personar i denne aldersgruppa skal ha lågare sats. Ifølgje NAV-kontora i Rogaland er erfaringane at det vert vanskelegare å motivere potensielle deltakarar i denne aldersgruppa, og at mange av deltakarane må få sosialhjelp i tillegg til kvalifiseringsstønaden.

Kapittel 7 Klagebehandling, avgjørelse av tvister og tilsyn

Til 7-3. Etter ordlyden i forslaget får Fylkesmannen tilsynsansvar overfor kommunen si verksemd på kapittel 4 og 5. Vi kan ikkje sjå at regelen uttrykkjeleg gir Fylkesmannen rett til innsyn i taushetsbelagde opplysningar, slik det går fram av gjeldande lov, § 2-6. Fylkesmannen meiner dette må komma klart til uttrykk i lovforslaget.

Departementet skriv i høyringsnotatet: ”*Fylkesmannens tilsyn føres som systemtilsyn (revisjoner)*”. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om dette er meint som ei avgrensing av Fylkesmannen sitt tilsynsansvar. Slik vi har fortolka gjeldande tilsynsregelverk, inneber dette også handsaming av klagemål frå publikum i einskildsaker, som ikkje er klage på enkeltvedtak. Døme på slike klager kan vera manglande informasjon og samarbeid eller lang saksbehandlingstid.

Utviding av tilsynsansvar på dette området vil krevja auka ressursar til fylkesmannsembeta. I høyringsnotatet er dette berekna til om lag 6 mill kroner. Departementet har her ikkje tatt omsyn til at tilsynet også omfattar andre oppgåver enn systemtilsyn. Etter Fylkesmannen si vurdering må ein konsekvens av dette vera at ressursane til fylkesmannsembetet må aukast vesentleg på dette området.

Med helsing

Harald Thune
fylkesmann

Pål Iden
avdelingsdirektør

Saksbehandlarar: Gunn Idland og Hege Skårdal Dreyer